

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
054/2015	Kommunestyret i Radøy	PS	02.12.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tonje Nepstad Epland	15/2010	15/13881

Byggesak gbnr 24/86 - Bø/Hordabøheimen - asylmottak - mellombels dispensasjon frå arealføremål og parkeringskrav

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Saka gjeld:

- Søknad om dispensasjon får arealføremål Offentleg etter reguleringsplan for Nordbø.
- Søknad om dispensasjon frå krav til tal parkeringsplassar som følgjer av Kommuneplan for Radøy kommune pkt. 2.7.2.

Saka er gjort greie for i vedlagt saksframlegg til sak 076/2015 i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk.

Byggesøknad som gjeld bruksendring av sjølve bygningen vert handsama administrativt når dispensasjonsspørsmålet er avklart. I tillegg er det i eiga, ordinær byggesak søkt om opparbeiding av parkeringsplass og avkøyrsløse.

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk, sak 076/2015

Saka vart lagt fram for Hovudutvalt for plan, landbruk og teknisk til vedtak, men vart gjort om til innstilling til kommunestyret på bakgrunn av brev frå Høgre, Frp og Venstre av 22.11.15.

Hovudutvalet sin drøfting:

Dispensasjonssaka vart handsama i ekstraordinært møte i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte 23.11.15.

Hovudutvalet var på synfaring på Hordabøheimen før møtet vart sett.

Leiar teknisk forvaltning, Tonje N. Epland, orienterte om saka og svara på spørsmål.

Hovudutvalet drøfta trafikktryggleiken og er uroa over situasjonen for mjuke trafikantar. Utvalet framhevar at det er viktig at trafikksikringstiltak som følgjer av trafikksikringsplan for Radøy kommune og reguleringsplanen for Nordbø snarleg vert følgd opp. I trafikksikringsplan ligg fortau og veglys i Nordbøvegen som 1. prioitet for mindre tiltak.

Hovudutvalet innstiller saka til kommunestyret i samsvar med rådmannen sitt framlegg til vedtak, men ynskjer at kommunestyret vurderer om det skal setjast vilkår knytt til trafikk sikringstiltak.

Innstillinga vart vedteke mot Henning Haugland (H) si stemme. Haugland meiner at omsynet til trafikktryggleik må vektast tungt, og at trafikk sikringstiltak må vera gjennomført før vedtak om dispensasjon.

Hovudutvalet sin innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 19-3 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremål Offentleg i reguleringsplan for Nordbø på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels og gjeld for 6 år.
2. Det skal setjast opp gjerde for å skilja næringseigedomen sitt uteområde frå skulen sitt uteområde.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 19-3 vert det gjeve dispensasjon frå krav til parkeringsdekning etter Kommuneplan for Radøy kommune pkt. 2.7.7 på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels og gjeld for 6 år.
2. Det skal etablerast minimum 10 parkeringsplassar på eigen grunn eller i umiddelbar nærleik.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland og naboar som har hatt merknad i saka for klagevurdering.

Protokollmerknad:

Byggesak gbnr 24/86 - Bø/Hordabøheimen - asylmottak - mellombels dispensasjon frå arealføremål og parkeringskrav, går til handsaming i kommunestyret. Det vart vist til felles skriv frå partia Høgre, Frp og Venstre av 22.11.15.

Referat frå førehandskonferanse og oversendingsbrev for uttale skal leggjast ved sakspapira.

Nye opplysningar i saka

Kommunen har 24.11.15 motteke e-post frå Norsk mottaksdrift. E-posten er vedlagt saka.

I tillegg har administrasjonen utarbeidd og vedlagt notat med oppsummering av spørsmål og svar frå hovudutvalet sitt møte 23.11.15

Vedlegg

I tillegg til dokument som følgde saksframlegget til hovudutvalet er følgjande dokument vedlagt

saksframlegg til kommunestyret:

- Referat frå førehandskonferanse i byggesaka
- Oversendingsbrev til Statens vegvesen og Fylkesmannen i Hordaland m/vedlegg
- Kvitteringsliste for nabovarsling
- Notat med spørsmål og svar frå hovudutvalet sitt møte 23.11.15
- Brev frå Høgre, Frp og Venstre av 22.11.15.
- E-post frå Norsk mottaksdrift av 24.11.15.

Rådmannen gjer merksam på at referat frå førehandskonferanse i byggesaka og oversendingsbrev til regionale styresmakter normalt ikkje er vedlagt ein politisk dispensasjonssak. Dokumenta vert framlagt i samsvar med protokollmerknad. I tillegg er nabovarslingsliste vedlagt som dokumentasjon for nabovarslingsfrist. På grunn av at kommunen etter utleveringsforskrifta § 5 ikkje har lov til å publisere namn og adresse til heimelshavarar på nett, er namn og adresse på naboar fjerna frå kvitteringsliste for nabovarsel.

Innstilling til vedtak frå hovudutval for plan, landbruk og teknisk:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 19-3 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremål Offentleg i reguleringsplan for Nordbø på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels og gjeld for 6 år.
2. Det skal setjast opp gjerde for å skilja næringseigedomen sitt uteområde frå skulen sitt uteområde.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 19-3 vert det gjeve dispensasjon frå krav til parkeringsdekning etter Kommuneplan for Radøy kommune pkt. 2.7.7 på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels og gjeld for 6 år.
2. Det skal etablerast minimum 10 parkeringsplassar på eigen grunn eller i umiddelbar nærleik.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland og naboar som har hatt merknad i saka for klagevurdering.

Kommunestyret i Radøy - 054/2015

KS - handsaming:

Det var grupperleiar møte før kommunestyret vart sett.

Rådmann Jarle Landås innleia og gav ei kort innføring i saka.

Representanten Ane Ottesen (H) reiste problemstillinga om kommunestyret kan setja vilkår i sak, og rådmannen svara på dette.

Etter drøfting sette Vidar Grindheim (H) på vegne av alle partia i kommunestyret fram følgjande tilleggsframlegg i møtet:

Kommunestyret vil sikra tiltak for dei mjuke trafikantane, og særleg for barnehage og skule, skal det snarast lagast ein plan innbefatta tiltak med hovudmål å sikra mot farlege og uønska hendingar i vegområdet og trafikken til og frå skule / barnehage. Planen skal godkjennast av hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk, og eventuelle tiltak skal gjennomførast i første halvår i 2016.

Kommunestyret vedtok samrøystes hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk si innstilling med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

KS - vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 19-3 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremål Offentleg i reguleringsplan for Nordbø på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels og gjeld for 6 år.
2. Det skal setjast opp gjerde for å skilja næringseigedomen sitt uteområde frå skulen sitt uteområde.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 19-3 vert det gjeve dispensasjon frå krav til parkeringsdekning etter Kommuneplan for Radøy kommune pkt. 2.7.7 på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels og gjeld for 6 år.
2. Det skal etablerast minimum 10 parkeringsplassar på eigen grunn eller i umiddelbar nærleik.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland og naboar som har hatt merknad i saka for klagevurdering.

Kommunestyret vil sikra tiltak for dei mjuka trafikantane, og særleg for barnehage og skule, skal det snarast lagast ein plan innbefatta tiltak med hovudmål å sikra mot farlege og uønska hendingar i vegområdet og trafikken til og frå skule /barnehage.

Planen skal godkjennast av hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk, og eventuelle tiltak skal gjennomførast i første halvår i 2016.

Vedlegg:

Byggesak gbnr 24/86 - Bø/Hordabøheimen - asylmottak - mellombels dispensasjon frå arealføremål og parkeringskrav

Vedlegg Q1 - Følgeskriv na (64498)

Byggesak Gbnr 2486 - BøHordabøheimen - Asylmottak - vedk dispensasjonssøknad (64074)

NabovarselHordabøheimen (64987)

Byggesak Gbnr 2486 - BøHordabøheimen - Asylmottak - uttale (64513)

Byggesak Gbnr 2486 - BøHordabøheimen - Asylmottak - bruksendring - uttale (65064)
rundskriv_h-415

Oppmoding om rask handsaming av søknader om etablering av asylmottak (62035)
storeutfordringerkreverfellesmobilisering1264168

Byggesak gbnr 2486 - BøHordabøheimen - Asylmottak - Bruksendring - Referat frå førehandskonferanse

Byggesak gbnr 2486 - BøHordabøheimen - Asylmottak - bruksendring - dispensasjon frå arealføremål
- oversending for uttale

19941208

19941208

20151124095042

Spørsmål og svar frå Hovudutvalet si handsaming

Brev - ekstraordinært kom

Brev Norsk Mottaksdrift -